



- Slik et du lubbesild!

I kveld gjesta ei gruppe på fire, to lærarar og to elevar frå San Lucas Toliman, Bøkkerverkstaden.

Gjestinga er ein del av eit venskapsprosjekt med KVV.

Delia Garcia er 17 år og elev og Fidel Macario 23 år og elev. Estela Cuj er 40 år og lærar og Ramiro Tzunun 22 år og lærar.

Tema er miljø og det vert i Kvinnherad lagt vekt på kjeldesortering, reint vatn, sunn mat og kommunal styring og forvaltning.

Venskapsgruppa i Kvinnherad og leiinga på KVV er vertskap for besøket.

På Bøkkerverkstaden fekk dei innføring i bøkkerhandverket som attåtnæring fram til arbeidsprosessen vart mekanisert når ein fekk straum på 1920 - 1930 talet.

I tillegg vart det lagt vekt på informasjon om lokalproduserte robåtar.

Bøkkerverkstaden er fast innslag når Kvinnherad tek mot gjester frå Guatemala.

Det er vellukka fordi gutatemalarane kjenner seg att i mykje av det som for oss er historie og kulturminne. I San Lucas Toliman er mykje av dette ein del av kvardagen.

Magne Fitjar meistrar spansk framifrå. Difor er kommunikasjonen god med venskapsgruppa i Kvinnherad.

Tekst: Kristian Olav Bringeda

IFoto: Magne Fitjar



- Ho var faktisk god!